


# Velkommen til AKTIV FERIE i Volda

Mange  
turtips og  
opplevelingar



Turistinformasjon gitt ut  
av Volda Næringsforum i  
samarbeid med  
Møre/Aarflot Media og  
Volda kommune



**VOLDA**  
NÆRINGSFORUM

**turistikervolda.no**

**Møre**  
Avis for Søre Sunnmøre



1



2



3

**1.** Volda har mange turistattraksjonar. Mellom anna Galten, som lokalt vert kalla «Trolltunga i miniformat». Foto: Leif Røv

**2.** Volda sentrum ligg idyllisk til mellom høge fjell og den tredje djupaste fjorden i Noreg.

**3.** Kajakktur i solnedgang. Kontakt BUA Volda (tlf 917 25 639) eller Hornindal Utstyrssbank (tlf 415 12 813) for lån av kajakk

## Volda i hjartet av Søre Sunnmøre

# Opplevingar frå fjøre til fjell

**Volda kan by på alt frå ekstrem tinderand til koseleg havstrand. Mellom desse ytterpunktta byr Volda og vårt nærområde på svært mange gode og varierte opplevingar.**

Er du glad i naturen, naturopplevingar og friluftsliv? Då er Volda staden for deg. Volda ligg ved dei majestetiske Sunnmørsalpane, ei verdkjend merkevare med staute fjell og sylspisse tinder som stuper i sjøen frå opp til 1700 meter. Det er ei mektig oppleving anten du står på toppen og ser ned eller skodar opp på dei frå fjorden. Kvitegga tronar på toppen. Hjørundfjorden og området rundt har svært populære turmål. I tillegg har vi ei rekke lettare tilgjengelege turopplevingar i heile kommunen, som til dømes Galten, ei trolltunge i miniformat. Mange turar er merka og ein kan finne turomtalar med kart på morotur.no, stikkut.no eller ut.no. Her finst mange gode fiskeplassar og den gamle postvegen frå 1700-talet er ein attraksjon i seg sjølv.

### Vikingskip

Bjørkedalen er kjend frå NRK-dokumentaren Vikingarven og har ein im-

ponerande produksjon av trebåtar og vikingskip bak seg.

### Studiestaden

Volda har lange tradisjonar som studiestad. Volden Høiere Almueskole vart starta i 1861 og la seinare grunnlaget for både Volda lærarskule og Volda gymnas. I 1974 vart Distrikshøgskulen etablert og mange kjende medieprofilar har hatt studietida si på medielinja i Volda.

Det går ei line frå dei lesande og skrivande bøndene på Bjørkedalen via kjende opplysningsmenn som Hans Strøm og Sivert Aarflot, til den skule- og kulturstaden Volda er i dag. Dei båtbyggjande bøndene på Bjørkedalen lærte tidleg å lese og skrive. Båtbygginga gav klingande mynt som mellom anna vart brukt til å kjøpe bøker. Å kunne skrive gav status. Sivert Aarflot starta det første trykkjeriet på landsbygda i Noreg. Biblioteket og

avisa gjorde at voldingane hadde god tilgang til informasjon om kva som skjedde ute i verda.

### Varierte aktivitetstilbod

Legg du ferien til Volda, har du mange flotte opplevingar i vente. Ikke minst fleire museum og opplevelsessenter. I Volda finn du også Kometland, som er landets største amatørastronomisenter. Badeplassar, sandvolleyballbaner, skateboardbaner og stadar for kiting, surfing og downhillsykling. Hornindalsvatnet er den djupaste innsjøen i Europa, og ei historie fortel at det bur ein diger sjøorm i vatnet. Det er tilrettelagt for bading med stupe-tårn og utleige av kano/kajakk ved Grodås.

### Sentral plassering

Volda ligg sentralt plassert midt i ein spanande region med mange varierte opplevingar. Vi har gode kommunikas-



4. Det er mange stadar å legge inn ei koseleg pause. Her på ei av flytebryggjene i Volda sentrum.



5. Voldsfjorden byr på gode vindforhold. I Volda er det godt miljø og anlegg for både kiting og surfing. Utrøna Seglarlag har bygt opp eit eige senter for den maritime brettsporten. Kontaktar du dei får du tilgang på utstyr og kompetanse.



6. Grodås i Hornindal, Volda kommune. Mellom anna ligg Anders Svor museet i sentrum.



Kaarstadhuset er kjent for svært mange som har studert i Volda. Høgskulområdet er i stadig utvikling og det nyaste bygget, Sivert Aarflot-huset, skal huse alle mediefaglege utdanninger og står klart til studiestart 2021. Den nye idrettshallen Volda Campus SpareBank 1 Arena vart fullført i desember 2020, og det skal også bygjast ny symjehall (Voldabadet) på same område.



jonar og eit godt tilbod for overnatting på hotell, airbnb, hytter og camping. Frå Volda kan du ta dagsturar til verdsarvområdet for Vestnorsk fjordlandskap med Geirangerfjorden som hovudattraksjon, til mange idylliske øyer ute ved storhavet. Døme på turistattraksjonar i havgapet er sandstrendene på Flø, fugleøya Runde, Sandsøya og Kvamsøya. Nordfjord med mellom anna Vestkapp er ein liten biltur unna. Til Volda kjem du både via Strynefjellet, Nordfjord, vakre Norangsdalen og frå Ålesund.

## Nye spanande installasjonar

Ved hamna i Volda sentrum har kommunen sett opp nye installasjonar som skaper sosiale møtepunkt, eller fine, lune sittaplassar for deg som vil nyte fineveret og utsikta. Med andre ord er det ein ypparleg stad å ta matpause. Og maten får du kjøpt hos ein av dei mange daglegvarebutikkane, på gatekjøkken, bakeri eller kafeane i Volda




## 4 VOLDA-SOMMAR



Bubilparkering i Volda sentrum:  
På parkeringsplassen ved fjorden bak Hamna 20. Gjeld sommaren 2021.



Volda sentrum.




Nyare samferdselsprosjekt har plassert Volda midt i sentrum av ein spanande region. Kvivsvegen gir tilgang til verdsarvområdet, Strynefjellet og Nordfjord.

Eiksundsambandet går utover mot øyane på Søre Sunnmøre og storhavet. Volda har svært gode kommunikasjoner med både flyplass, buss og ferje. Dermed vert Volda eit godt utgangspunkt for ferieopplevinga di.

Volda og resten av Sunnmøre byr på mange ulike opplevingar, anten du likar turar i naturen, kulturopplevingar, aktivitetar med familien eller for å slappe av i rolege og idylliske omgjevnadar.

Vakre, idylliske og koselege Austefjorden



## Dei 10 høgaste toppane i Volda kommune er:


1. Kvitegga (1717) Grensefjell mellom Volda og Stranda. Høgda er målt opp breen.
2. Storhornet (1600)
3. Jakta (1588)
4. 1575-høgda. (1575) Ligg mellom Storhornet og Rokkekjerringa.
5. Risenosa (1573)
6. Rokkekjerringa (1543)
7. Hornindalsrokken (1529)
8. Kårdalstindane (1490)
9. Kalveskrednipa (1488)
10. Eidskyrkja (1482)


Kvitegga (1717) er det høgaste fjellet i Volda kommune. Det er også mange andre spanande fjelltoppar i kommunen. Bjørke-området ligg inst inne i den kjende Hjørundfjorden og byr på svært mange opplevingar mellom dei tagte og spisse Sunnmørsalpane.

Foto: Pål Are Vadstein

Volda byr på fjellturar, både på dei ekstreme tindane og dei lettare familieturane. Her finn du gode fiskevatn og elvar, idylliske fjordar og koselege tettstadar. Frå Volda nær du museum, kulturelle tilbod og musikkopplevingar, ulike sportsaktivitetar, vassport, klatring og buldring, paintball, trial, fiske, badning, båttur, fugling, tinde-rangling og maritim kystnatur.

**Sunnmørsalpane**





### Turistinformasjon

finn du på rådhuset i Volda - servicekontoret.  
I Hornindal får du informasjon hos Lødemel Bok og Interiør.



### Padda

Rundt og i Lisjevatnet, i Austefjorden, aular det av paddar. Midt i dette padde-eldoradoet tronar ei kjempediger og koseleg padde du kan klatre på.

Då Kvivsvegen vart bygd rett gjennom trekkområdet til paddene ved Lisjevatnet, vart det lagt ned ein stor innsats for å sikre paddene. Dette med å bygge paddetunnelar og leiegjerde langs vegbana.



### Volda bygdetun - Haualeitet

Volda Bygdetun har over 20 hus ordna som ein vanleg sunnmørsgard frå midten av 1800-talet. Her kan ein sjå korleis folk har budd, jobba og levd før i tida. Tunet ligg vakkert til ved foten av Rotsethoret og med utsikt over fjorden.



### Rotsethoret - 649 moh.

Fjelletoppen midt i Volda sentrum. Rotsethoret er eit populært turmål som passar for både små og store. Fjellet har to rutealternativ, og ein kan bruke alt frå 45 minutt til to timer opp. Den mest populære turvegen opp startar ved Rotsethorntunnelen, vidare til Kalsethola og oppover. Nokre parti er bratte.



### Stadionparken


Stadionparken ligg ved fotballstadion på Rotset i Volda og nær turvegen gjennom Elvadalen. I parken er det turvegar, treningsapparat, klatrejungel, dirt-bike og streetbasketbane. I same område finn du også Volda skatepark, som er den største skateparken på nordvestlandet. Parken er open for fri bruk.



### Galten

Galten ligg høgt og luftig som ei «Trolltunge» over Dalsfjorden i Volda. Den enkleste turstien går frå Folkestadsetra og vestover eggja, der du ser rett ned i Dalsfjorden. Du kan gå vidare til Kornbergveten der du har ei nydeleg utsikt mot Volda sentrum.

På Folkestadsetra går det turveg kring vatnet der det er fint å bade.



### Gapahuken på Lid

Det er fleire gapahukar ved turvegane i Volda. Gapahuken på Lid har lett tilkomst og byr på vakker utsikt over Berkvika, Voldsfjorden og Rovdefjorden. Her er bord, benkar og tilrettelagt for grilling. Ein tur for store og små.



### Golf

Er du golfinteressert finn du golfbaner fleire stadar på Søre Sunnmøre, både i Volda, på Hareid og i Vanylven.

Volda Golfklubb si bane ligg fint til i Vassbotnen, i enden av Rottevatnet, om lag fire km frå Volda sentrum.



### Kometland


Astronomisenteret Kometland er drive av Knut B. Aarseth, og er Noreg sitt største amatørobservatorium.

Kometland ligg fint og fritt til i skogen ovenfor Klepp i Volda, med opplyst gangveg heilt opp. Ein tur til Kometland passar for heile familien.



## Andaneset - tursti

Andaneset ligg like utanfor Volda sentrum. Frå enden av bygdevegen har det kome ein flott turveg på kring 500 meter. Her får du svært god tilgang til berga og sjøen, med badebrygge og mange fiskeplassar. Her er tilrettelagt med benkar å sitje på.



## Sivert Aarflot museet

Sivert Aarflot museet er eit personalhistorisk museum om læraren, folkeopplysaren, forfattaren, forskaren og boktrykkjaren Sivert Aarflot (1759-1817), som starta det første trykkjeriet på landsbygda i Noreg. Aarflot starta også Norsk Landboeblad, som i dag har namnet Møre. Dette er landet si eldste lokalavis, og den nest eldste avisa i Noreg.



## Josybuda

Josybuda ligg på Kalvatn i Austefjorden. Her finn du restaurant/kafé, souvenir og gåvebutikk. Her er det B & B, bilparkering og tømmestasjon.



## Leikeplassen i sentrum

I sentrum av Volda, ved Volda rådhus, er det ein svært populær leikepark. Parken passar for små ungar til litt større barn. Der er det fleire leike-apparat og eit stort klatrenett. Det er også reier for dei minste. Rundt er det benkar, så det går godt an å sette seg ned og ete nistematen medan dei minste leikar seg.



## Bjørkedalen


Bjørkedalen i Volda kommune er kjend landet over for å vere heim til dyktige og erfarte båtbyggjarar. Frå 800-talet og fram til i dag er båtbyggjar-tradisjonen blitt ført vidare i heile 50 generasjonar, og mange praktfulle vikingskip har kome ut frå Bjørkedalen – også i notid.

Bjørkedalen har tilbod om overnatting.



## Tyssefossen

**Bjørke:** Sjå Tyssefossen i fantastiske omgivningar. Fossen er del av elva Tyssa, som renn frå Tyssevatnet ut i Storfjorden. Fossen er utbygd til produksjon av vasskraft. **Tyssenaustet (660 moh)** er eit gammalt naust på nordvestsida av Tyssevatnet. 6 senger for overnatting.



## Aurefiske

Prøv fiskelukka i Hornindalsvatnet. Her kan ein få tre matfiskar på kroken: Røye og to typar aure. Den mest populære fisken er aura som dei lokale kallar «auder». Den har raudt kjøt og svarte prikkar. Men det er rikeleg med sjansar for fiske både i vatn og sjø i heile Volda.



## Dalsfjord Fyrmuseum

Dalsfjord Fyrmuseum fortel historia til dei som har vore med på å bygge fyr, lykter, merker, fortøyingsfeste og hamner langs heile den norske kyst. Dalsfjord Fyrmuseum har ei rik utstilling med sjøbod (Brune-Buda), Korsfurtunet og fyrlykta. Museet ligg ved Dalsfjord skule, om lag seks km frå Lauvstad. Kan nåast både med bil, båt og som ein stopp på sykkeltur kring Dalsfjorden.



## Kilskrossen/Olavskjelda

Kilskrossen (4 til 5 meter høg) ligg på ei høgd mellom Bjørkedalsvatnet og Kilsfjorden. Ein skogsveg går frå den siste rastepplassen før Bjørkedalsvatnet. Turen tek om lag 15 minutt frå parkeringsplassen. På turen går ein forbi ei Olavskjelde, der det er mogleg å drikke vatn.



### Elvadalen og Prestholmen

Elvadalen er ein fin og godt tilrettelagd turveg som er eigna for barnevogn og rørslehemma. Vegen går mellom Volda sentrum og badeplassen Årneset ved Rotevatnet. Tuven går forbi Prestholmen, ei grøn lunge der ein kan sette seg ned og nyte roa og elvasusen. Turen er 1,2 km, og ved Rotevatnet kan du gå vidare på andre turvegar.



### 1529 høgdemeter på Hornindalsrokken

Hornindalsrokken ligg i hjartet av Sunnmørsalpane. I foten av fjellet ligg Horndøla camping.

Ein kan gå til Hornindalsrokken sommar som vinter. Den vanlegaste ruta er frå Hornindalssætra.



### Ytrehornsnakken

For å kome seg dit tek ein av i Grodås sentrum mot Otterdal. Det er vidare skilta når ein nærmar seg parkeringsplassen.

Dette er ein Stikk UT-tur og vert karakterisert som ein middels vanskeleg tur på 1,9 km. Bratt, men fin tur med godt merka rås heilt til topps. Nær stien ligg Gyteskotet, eit naturminne av ei kalsedonhole.



### Honndøla bru - 52 meter


Langs den Trondhjemske postvei gjennom Hornindal, vart det tidleg på 1800-talet bygd fleire fine steinbruer som står der den dag i dag. Fleire av desse låg i Øyane-området i Kjøs krins, men den største og mest storlåtte av alle er Honndøla bru.



### Sjøormen i Hornindalsvatnet

I mange tiår har det vore snakk om at Hornindalsvatnet er heim til ein stor sjøorm.

– Tidlegare eigar ved Raftevoll hotell, Ola Raftevoll, fortalte alltid gjestane sine om «sjøormen» i Hornindalsvatnet. «Han viser seg veldig sjeldan, og ikkje til kven som helst», sa Raftevoll med eit glimt i auget. Sjølv hevda han å ha sett sjøormen fleire gongar, fortel Lars Andreas Tomasgård.



### Det runde holet

I eine enden av Honndøla bru er det i ein del av rekketverket, mura inn ein Stein med eit rundt hol i, som skriv seg frå ei jettegryte. Ymse historier knyter seg til denne steinen og for turistane er det populært å klive gjennom holet. Blant anna vart det sagt at dersom ei kvinne kom seg gjennom holet, vart ho gift.



### Anders Svor museum

Museet inneholder store delar av samlinga etter ein av dei mest velrenomerte bilethoggarane vi har i Noreg. Samlinga inneholder heile 560 verk, inkludert skisser og utkast. Svor sine verk er i ein naturalistisk eller nyromantisk stil, og var laga på ei tid då det var mykje stilforvirring og uvisse blant bilethoggarar. Museet held ope om sommaren, og elles på bestilling.



### Nakkebruna - dagsturhytta

Turen opp til Nakkebruna passar fint som turmål for barnefamiliar. Dagsturhytta ligg ved stien til Ytrehornsnakken, og har god utsikt mot Hornindalsvatnet, Grodås og inn Hornindal. Hytta ligg på om lag 190 meter og ein startar å gå ved Hornindal skule.



### Europa sin djupaste innsjø

Hornindalsvatnet er ein innsjø i Stad og Volda kommuner. Innsjøen er 514 meter på det djupaste og dette gjer den til Europa sin djupaste innsjø.



## Sandvolleyballbaner

Volda er vide kjent for godt volleyballmiljø. KFUM Volda har markert seg i Noregs-toppen gjennom mange år.

Volda har mange volleyballbaner. Ved Åneset/Rotevatnet finn du flotte sandvolleyballbaner. På Grodås der det sandvolleyballbane og to klatreparkar, ein ved skulen og ein i sentrum.




## Aasentunet

5 minutt frå Volda: Midt mellom Volda og Ørsta ved E39, ligg Ivar Aasentunet. Arbeidet Ivar Aasen gjorde har endra Noreg. Det har vore med på å gi dialektane plass i det offentlege rommet. I Aasentunet kan du sjå korleis skrift pregar historia, verda og liva våre.



## Down Hill-sykling


er populært i Volda. Bratt sykkelklubb har laga mange tøffe sykkelstiar. Den siste "råsa" er ei luftig ei som er i ferd med å bli ferdig (fotoet). Anders Eidså i Bratt Sykkelklubb er ein av kontaktpersonane.



## Rundt Dalsfjorden

Volda: Det er blitt populært å sykle rundt den vakre Dalsfjorden, som er ein sidefjord av Voldsfjorden. På vegen rundt fjorden kan du mellom anna besøke Fymuseet.

Det renn mange elvar få dei høge fjella til fjorden og vassressursen er i mange av elevane nytta til småkraftverk på begge sider av fjorden. I Steinvik finn ein bautastein over pressemannen og forfattaren Rasmus Steinvik.



## Tre bukkane bruse

Volda: På austsida av Hjartåbergtunnelen er det ein stor og flott rasteplass, med nydeleg utsikt over Austefjorden og Voldsfjorden. Her er også laga til ein sti som går over tunnelopninga, over ei bukkane-bruse-bru og så går det ei geitarås vidare oppover mot sætre-støylene i Aldalen. På bruа er det fine metallfigurar av dei tre bukkane bruse på veg til sæters.



## Gapahuken på Bjørke

Gapahuken på Bjørke ligg på Vikefjellet ( 506 m.o.h ). Turen startar frå parkeringsplassen til ungdomshuset Haukly. Første går ein litt bratt til ein kjem opp på Haukåsen. Vidare flatar råsa ut litt og ein går på oppsida av Saursvatnet. Etter kvart vert det litt brattare att før ein svingar mot nord og går litt slakkare mot Vikefjellet. Dersom ein vil gå lengre kan ein gå til Oddekloven ( 972 m.o.h ).



## Motorsykkelf

Sommartid er motorsykkeltid. Er du mellom dei som vil oppleve Søre Sunnmøre på ein motorsykkelf og likar svingar, har du kome til rette staden. Du kan starte på flotte vegar i Hornindal, Kvivsvegen, Aldalen, Volda, Ørsta, Eiksundsambandet og mykje flott motorsykkelf veg over på øyane.



## Fiske

Å kunne vippe ein sprell levande og fersk fisk opp av sjøen, vatnet eller elva og nesten rett på steikjepanna, er ganske eksklusivt. Slike opplevingar kan du få mange av på Søre Sunnmøre, frå Hornindal til Runde. Kast ut snøret og prøv fiskelykka.



## Klatring

Om du likar deg i bratte fjellsider, med luftig utsikt og med høgt adrenalin-nivå i kroppen – er nok fjellklatring noko for deg! Det er mange flotte utfordringar på Søre for alle nivå. Døme på ruter er: Hjartåbergja i Aldalen, Toskefloget, Sylen, Søregga, Muren, Mulevika, Flø, Laupen og mange fleire.



## Hornindal klatrepark

Grodås har to klatreparkar. Den eine ligg i sentrum og den andre ligg ved skulen.



## Elvefiske

Det er mange gode og populære lakseelver i Volda. Bjørkeelva, Fyrdselva med Austefjordvassdraget, Kilselva og Storelva. I tillegg til laks kan du også få aure, som det også er mykje av i Hornindalsvatnet og elvene rundt vatnet.



## Panoramavegen

Fra Panoramavegen får du panoramautsikt over Volda sentrum, fjorden og fjella rundt. Utangaspunktet for turen er ved Volda kommune sitt vassverk i Brattebergfeltet. Turen går på opparbeidd grusveg. Fra den populære turvegen har mange andre turvegar utgangspunkt. I juni 2021 besøkte statsminister Erna Solberg Panoramavegen.




## Mange koselege turar

Rundt Volda sentrum er det opparbeidd eit stort nettverk av koselege turvegar og fleire gapahukar der du både kan kvile, grille og ta fram nistepakken. På fotoet ser du utsikta frå Grinda, som er ei gammal grindløde.



## Bakketunet


Inst i Hjørundfjorden i kulturbygd Bjørke, ligg det freda Bakketunet med sine seks ærverdige bygningar. Tømmeret i dei eldste husa er datert attende til 1549. Dette er det eldste heilskapelle gardstunet på Sunnmøre med, etter seiande, den eldste grindløda i landet. Det er gjort over 20 år med restaureringsarbeid og sommaren 2010 opna eigarane tunet for besøkande.



## Haula Vingård

Eigen produksjon av "Fjordbobler" er målet for Nina Viddal si satsing innerst i Hjørundfjorden. Vin er Nina sin liden-skap, og på besøk på familiegarden i Viddal kan du både smake og lære mykje om vin på verdas nordligaste vingård.

# Volda - Midt i hjartet av Søre Sunnmøre



Hakkallegarden



Runde



Geiranger

@ Lill Haugen

# Glade badedagar i Volda



Badeplassen Åneset som ligg i vestenden av Rotevatnet, er ei av dei mest populære strendene. Der er også sandvolleyballbaner, god parkering og sanitæranlegg. Stranda ligg like ved Volda Idrettspark, som har skatebane og leikepark.



Hornindal/Grodås: Badeplass ved promenaden i sentrum, kvit landsbystrand, badeflåtar, stupetårn. Hornindalsvatnet, Europas djupaste innsjø.



Munken, badestrand/stupebrett. Sjø. Nær Volda sentrum.



Botnasanden



Badebrygga Andaneset



Sjekk ut [www.stikkut.no](http://www.stikkut.no), [ut.no](http://ut.no) og [www.morotur.no](http://www.morotur.no)  
for inspirasjon til neste tur i Volda.

**morotur**

## Gjestebryggjer i Volda



Volda har fått ny gjestebrygge for småbåtar, midt i Volda sentrum. Meir sentralt enn dette er det vanskeleg å kome. Bryggja har straum og vatn, minibrygge for kajakkar. Det vert lagt til rette for å betale hamneavgift med Vipps.

I tillegg til denne bryggja har Volda småbåtlag gjesteplassar i same hamna.



### Småbåthamn Bjørke

Småbåthamna på Bjørke har seks gjesteplassar. Hamna har eit moderne sanitæranlegg, og tilgang til straum og vatn. Her er det også straumuttak for bubar. Ein kan betale med Vipps, men merk at det berre er Telenordekning på staden.




### Småbåthamn Lauvstad

Lauvstad småbåtlag har to gjesteplassar på småbåthamna, som ligg eit par steinkast sør for ferjekaia på Lauvstad. Det er straum og vatn på hamna, og det vert lagt til rette for betaling med Vipps.

## Attraksjonar

- \* Anders Svor museumet, Hornindal
- \* Haula Vingård, Viddal
- \* Bakketunet, Bjørke
- \* Bjørkedal båtsamlingar, Bjørkedalen
- \* Dalsfjord Fymuseum, Dalsfjorden
- \* Ivar Aasen-tunet, Ørsta
- \* Kometland, Volda sentrum
- \* Sivert Aarflot-museet, Volda sentrum
- \* Volda Bygdetun og Garverimuseet, Volda sentrum
- \* Sunnmørsalpane



TA DEG EIN PAUSE  
OG UTFORSK

**VOLDÅ**



## Overnattingsstadar

- \* Aurstad Camping, Austefjorden
- \* Bjørkedal camping, Bjørkedalen
- \* Bjørkedalen Gjestehytter, Jakob Helset
- \* Grodås Camping
- \* Havila Hotel Raftevold, Hornindal
- \* Helset Hytter & Camping, Bjørkedalen
- \* Hjørundfjord Vandrarheim / Adventures, Bjørke

- \* Honndalen Hagecamp, Hornindal
- \* Huset Vårt, Hornindal, Hornindal
- \* Josybuda, John Leirvik, Austefjord/Kalvatn
- \* Knausen hyttegrend, Grodås, Hornindal
- \* Steinsvik Fjordhytter, Dalsfjord
- \* Volda Turisthotell, Volda sentrum
- \* Kalvatn turistsenter, Kalvatn
- \* Irene-garden, Lauvstad